



NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



VESTLAND IDRETTSKRETS UNGDOMSUTVAL

Mandat – vedtatt i styremøte 09/25 Vestland idrettskrets, 21. november 2025

www.idrettsforbundet.no

1. Konstitusjon:

- Styret i Vestland idrettskrets vedtok i kretsstyremøte 09/20 å opprette ungdomsutvalet.

2. Medlemmar

- Ungdomsutvalet sine medlemmar skal oppnemnast av styret
- Ungdomsutvalet skal bestå av 5 – 7 personar i alderen 15-26 år som er tilknytta idrettslag i Vestland. Medlemmar kan ikkje veljast dersom dei fyller 27 år i løpet av perioden.
- Funksjonstida for utvalsmedlemmane er eitt (1) år frå august – juni
- Ein av idrettskretsen sine styremedlemmar i aldersgruppa skal vere medlem i utvalet.
- Det skal vere representasjon frå ulike idrettar og det skal jobbast for god geografisk spreining i fylket.
- Medlemmane bør ha delteke på eller få tilbod om leiaropplæring for ungdom, eller tilsvarande leiaropplæring i særforbund.

3. Møtedeltaking

- På førespurnad stiller representantar frå idrettskretsen sitt styre eller administrasjon på møte i utvalet
- Medlemmane i ungdomsutvalet blir innkalla til alle møte, og skal melde forfall dersom ein ikkje kan møte

4. Møtefrekvens

- Møteforma til ungdomsutvalet vil i hovudsak vere nettbasert, med minst to fysiske møter per år.
- Det skal vere minst seks møter totalt i løpet av året
- Idrettskretsen kallar inn ungdomsutvalet til møte ved behov

5. Ansvar

Ungdomsutvalet har fått følgjande ansvar frå styret:

- Sette seg inn i og arbeide etter idrettskretsen sin langtidsplan
- Skal utarbeide eit årleg handlingsprogram med klare oppgåver og ansvarsfordeling.

Vestland idrettskrets skal:

- Sørge for at det blir sett av midlar til ungdomsutvalet sitt arbeid
- Sørge for at det blir oppnemnt ein person frå styret med særskilt ansvar for å auke ung medverknad
- Sørge for at ein person i administrasjonen har ei koordinerande rolle for ungdomsutvalet
- I oppstartsfasen for kvar periode kallar idrettskretsen inn leiar og nestleiar i utvalet til ein gjennomgang av mandat, handlingsprogram og forventningar til samarbeid.

6. Oppgåver

Ungdomsutvalet sine oppgåver er:

- Å vere ein pådrivar for at ungdom held fram med idrett over lengre tid
- Å setje minst eitt konkret og gjennomførbart mål for perioden
- Å ha tett kontakt med idrettsråd og idrettslag om ungdomsspørsmål. Dette kan til dømes gjerast ved å halde føredrag om tematikken eller ved å ta direkte kontakt med idrettslag. Dette arbeidet blir styrt og koordinert av administrasjonen.
- Å vere ein pådrivar for kjønnsbalanse og fleire unge i trenar- og leiarroller, mellom anna ved å fremje leiaropplæring for ungdom.
- Å vere idrettsungdommen si stemme i saker som omhandlar ungdom, andre aktuelle saker, og i saker der styret ønskjer ungdommen sine innspel.
- Å fremje innstilling av unge styrerepresentantar til valkomiteen ved idrettskrinsting.
- Å oppmode til nettverksbygging mellom idrettsungdom i fylket.

7. Rapportering

- Sekretæren for ungdomsutvalet har ansvar for å sende ut referat frå kvart møte til utvalsmedlemmane. Referatet skal òg sendast til idrettskretsen sin kontaktperson og organisasjonssjef, som sørgjer for vidareformidling til idrettskretsen sitt styre.
- Ungdomsutvalet sin representant i styret skal på kvart styremøte i idrettskretsen orientere om ungdomsutvalet sitt arbeid
- Ungdomsutvalet skal årleg gjennomføre ei evaluering av handlingsprogram og mandat, og evalueringa skal i etterkant gjennomgåast med idrettskretsen sin ressursperson frå administrasjonen og med idrettskretsstyret
- Ungdomsutvalet skal skrive årsrapport, som blir lagt inn i idrettskretsen sin årsrapport